



## Besøk frå Ningxia 28.11.18

### Bakgrunn for besøket:

Sogn og Fjordane fylke har ein vennsapsregion i Kina, Ningxia. Det er Kina sin minste autonome region med sine rundt 6,6 millionar innbyggjarar. Samarbeidet starta opp i 2003, og det var jamleg kontakt fram til 2010, med fleire delegasjonar på besøk i Sogn og Fjordane, og fleire besøk i Ningxia. United World College (UWC) Red Cross Nordic og Fredskorpset var viktig samarbeidspartner, og bidrog mellom anna til at eit utvekslingsprogram mellom studentar og lærarar kom i stand.

Våren 2017 fekk fylkesordføreren eit brev frå Ningxia der det ytra ynskje om å gjenoppta vennsapsbanda mellom regionane våre, og ynskja å komme på besøk.

### Gjennomføring av besøket:

28. november 2018 fekk vi besøk av ein delegasjon frå Ningxia. Delegasjonen understrekar at dei ynskjer å behalde Sogn og Fjordane som vennsapsregion – og ynskjer vidare samarbeid med nye Vestland.

Programmet for dagen såg slik ut:

Presentation and formal welcome	Jenny Følling, County Mayor in Sogn og Fjordane
Welcome to Sunnfjord, and a presentation of the area	Olve Grotle, Mayor in Førde municipality
Introduction of delegation – both from the Chinese and Norwegian side	Ingebjørg Erikstad, Deputy director of culture and industry, Sogn og Fjordane County Municipality
About the United World College (UWC), and about the former cooperation between Ningxia and Sogn og Fjordane	Arne Osland, UWC Red Cross Nordic, Fjaler
Information from the Ningxia-delegation	Ningxia-delegation
Youth-exchange in Sogn og Fjordane	Roger Kløvtveit, Advisor, Sogn og Fjordane County Municipality
Førde Tradition and World Music Festival	Per Idar Almås, Director, Førde Music Festival
NOREC (FK Norway) and exchange of employees and members abroad	Tormod Nuland, Senior Advisor, NOREC
Break – walk to NOREC office	
Meet and greet at NOREC office	Tormod Nuland, Senior Advisor, NOREC
LUNCH	Thon Hotel Førde

Delegasjonssjef Mr. Zhang Huaiyi, Deputy Director-General av Foreign Affairs-kontoret i Ningxia trakk fram seks punkt som dei ynskja samarbeid om framover:

1. Ungdomsaktivitet og ungdomsutveksling
2. Ningxia International summercamp 2019 (det er ynskjeleg at det er med ungdommar frå Sogn og Fjordane, Ningxia dekker bustad under opphaldet)
3. Utdanning (UWC)
4. Samarbeid innan sport, spesielt aktuelt med vinteridrett fram mot vinter-OL i Beijing i 2020
5. Turisme/ reiseliv
6. Næringsliv

Tolk under besøket var ms. Wang Juan, tolken til Ningxia-delegasjonen. Delegasjonssjef Mr. Huaiyi snakka og forstå engelsk bra, dei resterande i delegasjonen virka til å skjønne noko engelsk, men snakka ikkje engelsk.

Besøket var vellukka, gjennomføringa gjekk fint og dei besøka virka godt nøgde.

Vidare kontakt mellom Ningxia-provinsen og Sogn og Fjordane vil hovudsakleg gå gjennom rådgjevar Kristin Rundsveen. Førde musikkfestival og UWC vil òg ha eigen kontakt.

Vi er bedt attende på gjensitt til Ningxia, og det bør vurderast når og kven som bør delta på ei slik reise. Eit første mål for samarbeidet kan kanskje vere å sende ungdommar på Ningxia Internasjonal Summercamp.

Deltakarar på besøket:

Name	Unit and position
	<b>NINGXIA:</b>
<b>Mr. Zhang Huaiyi</b>	Deputy Director-General, Foreign Affairs Office of Ningxia Hui Autonomous Region
<b>Mr. Liang Jizi</b>	Deputy Director-General, Sports Bureau of Ningxia Hui Autonomous Region
<b>Mr. Mei Jun</b>	Vice President, Ningxia Normal University
<b>Mr. Yang Dengbao</b>	Director, General Office of the Tourism Development Commission of Ningxia Hui Autonomous Region
<b>Ms. Ji Yuan</b>	Vice Director, Foreign Affairs Office of Ningxia Hui Autonomous Region
<b>Ms. Wang Juan</b>	Interpreter, Foreign Affairs Office of Ningxia Hui Autonomous Region
	<b>SOGN OG FJORDANE:</b>
<b>Ms. Jenny Følling</b>	County Mayor, Sogn og Fjordane County
<b>Mr. Olve Grotle</b>	Mayor, Førde municipality

<b>Ms. Ingebjørg Erikstad</b>	Deputy director of culture and industry, Sogn og Fjordane County Municipality
<b>Mr. Arne Osland</b>	Director of Development, UWC Red Cross Nordic
<b>Mr. Wang Jinzhong</b>	Teacher, UWC Red Cross Nordic and interpreter
<b>Mr. Roger Kløvtveit</b>	Advisor, Sogn og Fjordane County Municipality
<b>Mr. Tormod Nuland</b>	Senior Advisor, NOREC
<b>Ms. Cathrine Ekehaug</b>	Advisor, NOREC
<b>Mr. Per Idar Almås</b>	Director, Førde Music Festival
<b>Ms. Kristin Rundsveen</b>	Advisor, Sogn og Fjordane County Municipality

Mottakar (ar)

Fylkesutvalet

NOREC, UWC, Førde kommune og Førde musikkfestival (pr e-post)